



DET KONGELEGE KOMMUNAL-  
OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Ifølge liste

Dykkar ref

Vår ref

Dato

16/7-10

06.10.2016

**Statsbudsjettet 2017 - Orientering om framlegg til statsbudsjettet for 2017 – programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk – førebels rammer**

Kommunal- og moderniseringsdepartementet informerer med dette om framlegget til budsjett for regional- og distriktpolitikken for 2017. Brevet inneheld ei forklaring på den nye målstrukturen og dei nye postane på programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk og framlegg til løyvingar på dei nye postane. Dei endelege oppdragsbrev, tildelingsbrev og tilskotsbrev sender departementet ut etter at Stortinget har handsama budsjettframlegget. Det kan kome endringar i rammene og i fordelinga av midlane. Dette orienteringsbrevet er eit grunnlag for planlegging.

Dei overordna måla for regional- og distriktpolitikken er å oppretthalde hovudtrekka i busetjingsmønsteret, ta i bruk dei menneskelege og naturgjevne ressursane i heile landet for at vi skal ha ei størst mogleg nasjonal verdiskaping og sikre likeverdige levekår. Ein vellukka regional- og distriktpolitikk er avhengig av innsats på ei rekkje politikkområde. Regjeringa si satsing på samferdsle, utdanning, forskning og innovasjon, skatte- og avgiftsreduksjonar, differensiert arbeidsgjevaravgift, inntektssystemet for kommunane og helsetenester er viktig for å oppnå regional balanse og ei god regional utvikling.

Næringslivet og arbeidsplassane i Distrikts-Noreg er avhengige av betre vegar for å få fram varer og tenester, og regjeringa har omprioritert for å få dette til. Satsinga på fylkesvegar er auka med 1,4 mrd. kroner sidan 2013. Dei regionale utviklingsmidlane på budsjettet til KMD er reduserte med om lag 1,2 mrd. kroner i same periode.

Regjeringa gjer framlegg om ei løyving på om lag 1,46 mrd. kroner under programkategori 13.50 for 2017. Det inneber ein reduksjon på om lag 400 mill. kroner frå 2016. Midlane er

omprioritert til økt satsing på fylkesveger og andre næringspolitiske tiltak. Den regional- og distriktspolitiske innsatsen over programkategori 13.50 skal målrettast for å gjere omstilling for bedrifter lettare på kort sikt, og å byggje evne til omstilling i bedrifter, næringsmiljø og lokalsamfunn på lang sikt.

Samarbeid mellom fylkeskommunane, verkemiddelaktørane (Innovasjon Noreg, Siva, Forskningsrådet) og Distriktssenteret er sentralt for å nå måla i regional- og distriktspolitikken. Aktørane har ulike roller som svarer til ulike samfunnsutfordringar. Fylkeskommunane har ansvar for å fremje verdiskaping og regional utvikling i eigne fylke. Regionale mål og strategiar skal utviklast i forpliktande partnerskap med næringslivet og med regionale og lokale aktørar.

Departementet viser til invitasjon til eit møte om budsjettet for 2017 og den nye målstrukturen 12. oktober 2016. Målgruppa for møtet er nærings-/regionalsjefar i fylkeskommunane. KS, Distriktssenteret, Innovasjon Noreg, Siva og Forskningsrådet er òg invitert.

### ***Mål og rammer for 2017***

Måla for programkategori 13.50 er endra for 2017. Den nye målstrukturen tydeleggjer den geografiske målrettinga av budsjettmidlane – med eitt hovudmål for distriktspolitikk og eitt for regionalpolitikk. Dei nye måla legg vekt på økonomisk omstillingsevne. Det inneber ei prioritering av bedrifts- og næringsretta tiltak.

Innsatsen under hovudmål 1, "distriktsmålet", skal treffe område særlig prega av store avstandar og spreidd busetting. Bedriftsretta låne- og tilskotsordningar er avgrensa til verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte, slik det er fastsett av departementet og godkjent av ESA. Fordelinga mellom fylkeskommunane er gjort ut frå distriktsindeksen (DI) og talet på innbyggjarar innanfor verkeområdet. Den ekstra vektinga av kommunar i Nord-Noreg, kommunar i tiltakszona for Finnmark og Nord-Troms og kommunar med DI under 30, blir ført vidare på same nivå som i 2016:

- Kommunar med DI under 30 blir vekta 15 pst. ekstra.
- Kommunar i Nord-Noreg og Namdalen blir vekta 10 pst. ekstra.
- Kommunar i tiltakszona blir vekta 15 pst. ekstra.

Som følgje av den reduserte ramma og at hovudmål 1 er "distriktsmålet", er det gjort nokre endringar i fylkesfordelingsmodellen for hovudmål 1:

- Kommunar i tidlegare sone II er ikkje inkluderte i fordelinga av midlane.
- Regionalkomponenten (sjå orienteringsbrevet for 2016) er teken bort.

Hovudmål 2, "regionalmålet", er retta mot næringsutvikling og konkurransekraft. Midlane kan nyttast over heile landet.

Kravet om medfinansiering frå fylkeskommunane til Regional satsing for forskingsbasert innovasjon/Regionsatsing (tidlegare VRI) og Næringshageprogrammet, fell bort.

**Tabell 1** Nye mål for programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk

Hovudmål	Delmål
1. Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta	1.1 Eit verdiskapande næringsliv i områder med spreidd busetting og store avstandar 1.2 Inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn i områder med særlege distriktsutfordringar 1.3 Tilgang til grunnleggjande private tenester i områder med få innbyggjarar
2. Omstillingsdyktige regionar	2.1 Velfungerande næringsmiljø og tilgang til relevant kompetanse 2.2 Økonomisk vekst og samarbeid i byregionar og over landegrensene 2.3 Nye arbeidsplassar i område som er ramma av vesentleg reduksjon i sysselsetjinga

**Tabell 2** Førebels fordeling av løyvinga på 1,46 mrd. kroner under programkategori 13.50 på nye kapittel og postar. Mill. kroner.

Delmål	Post	Nemning	Framlegg Prop. 1 S 2017
Delmål 1.1	550.62	Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordningar i distriktene	459,2
	551.61	Næringsretta midler til regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift	50,0
	550.70	Bedriftsrettede programmer i distriktene	95,0
Delmål 1.2	550.64	Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn	173,0
	550.66	Forenkling av utmarksforvaltning – forsøksordning	8,0
	554.01	Kompetansesenter for distriktsutvikling	27,729
Delmål 1.3	550.73	Merkur-programmet	37,3
Delmål 2.1	553.60	Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse	133,0
	553.74	Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø	243,0
Delmål 2.2	553.63	Grenseregionale Interreg-program	45,0
	553.76	Utviklingsprogram for byregioner og internasjonalt samarbeid	54,0
Delmål 2.3	553.65	Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet	130,0

## *Innhaldet i dei nye hovudmåla og postane*

### **Hovudmål 1 Omstillingsdyktig næringsliv og lokalsamfunn i distrikta**

Regjeringa vil bidra til langsiktig omstillingsevne i distrikta, gjennom innsats for eit verdiskapande næringsliv, inkluderande og vekstkraftige lokalsamfunn, og tilgang til grunnleggjande private tenester.

Regjeringa føreslår 850,2 mill. kroner til hovudmål 1, som er 58 pst. av løyvinga under programkategori 13.50. Det er ein reduksjon på om lag 300 mill. kroner samanlikna med løyvinga til tilsvarande føremål i 2016. Innsatsen skal i sterkare grad målrettast for å bidra til ei langsiktig omstillingsevne i næringslivet og til å utvikle nye lønsame forretningsområde i distrikta. Det inneber særleg at støtta til tiltak for lokal samfunnsutvikling og fysisk næringsretta infrastruktur blir redusert.

#### Delmål 1.1 Kap. 550, post 62 Bedriftsrettede låne- og tilskuddsordningar i distriktene

Regjeringa føreslår at ein større del av innsatsen under hovudmål 1 går til risikoavlasting i nye og eksisterande bedrifter. I dei delane av landet der kapitalmarknadene ikkje fungerer godt, vil ein kombinasjon av generelle vekstfremjande skattelettar og målretta låne- og tilskotsordningar utløyse gode innovasjons- og investeringsprosjekt.

Posten omfattar investeringstilskot, bedriftsutviklingstilskot, distriktsretta risikolån og garantiar og distriktsretta etablerartilskot. Fylkeskommunane skal gjennom oppdragsbrev delegere forvaltningsansvaret til Innovasjon Noreg. Oppdraga skal basere seg på mål og strategiar som fylkeskommunane fastset. Innovasjon Noreg rapporterer kvart år til fylkeskommunane og departementet. Midlane skal nyttast i verkeområdet for investeringsstøtte.<sup>1</sup>

Departementet vil halde av midlar på posten til å dekkje eventuelle omstillingskostnader i Innovasjon Noreg, som følgje av den samla reduksjonen i ramma til Innovasjon Noreg under programkategori 13.50. Eventuelle omstillingskostnader blir avklara med Innovasjon Noreg når budsjettet for 2017 er lagt fram.

#### Delmål 1.1 Kap. 551, post 61 Næringsrettede midler til regional utvikling, kompensasjon for økt arbeidsgiveravgift

Det er tidlegare varsla at kompensasjonsordninga for kommunar med auka arbeidsgjevaravgift samanlikna med 2003, skulle trappast ned. No blir ordninga avslutta. Næringslivet er dermed indirekte kompensert gjennom ein periode på 14 år og har hatt god tid til å tilpasse seg avgiftsnivået. Tilsegningsfullmakta frå 2016 på 50 mill. kroner blir betalt ut i januar 2017.

---

<sup>1</sup> Verkeområdet for distriktsretta investeringsstøtte er fastsett av departementet og godkjent av ESA i samsvar med EUs retningslinjer for regionalstøtte.

### Delmål 1.1 Kap. 550, post 70 Bedriftsrettede programmer i distriktene

Posten dekkjer *Næringshageprogrammet, Bioraffineringsprogrammet og Mentortjenesten for gründere*.

Løyvinga til *Næringshageprogrammet* vil i 2017 vere på om lag same nivå som i 2016. Ein næringshage samlokaliserer utviklingsorienterte bedrifter for å fremje vekst, samarbeid og utvikling. Det blir frå 2017 ikkje lenger stilt krav om fylkeskommunal medfinansiering.

*Bioraffineringsprogrammet* inngår i bioøkonomisatsinga til Innovasjon Noreg, som blei sett i gang i 2013. *Mentortjenesten for gründere* er ei rådgjevingsteneste for gründerbedrifter i den tidlege oppstartsfasen.

### Delmål 1.2 Kap. 550, post 64 Inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn

Den demografiske utviklinga skaper utfordringar fleire stader i Noreg. For å stimulere utviklingskrafta og skape attraktive lokalsamfunn, er det naudsynt med bidrag frå mange aktørar. Ordninga skal utløyse lokal utviklingskraft. Fylkeskommunane skal fremje inkluderende og vekstkraftige lokalsamfunn i område med særlege distriktsutfordringar. Midlane skal nyttast til tiltak som legg til rette for næringsutvikling, og tiltak som bidreg til å inkludere tilflyttarar. Regjeringa føreslår å redusere løyvinga til lokal samfunnsutvikling med om lag 47 pst. samanlikna med tilsvarande føremål i 2016. Midlane skal nyttast til prosjekt i område med særlege distriktsutfordringar.

Innanfor posten blir det også sett av 10 mill. kroner til programmet *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene*, som skal styrkje grunnlaget for næringsutvikling og verdiskaping i fjellområda gjennom kompetanse- og nettverksbygging, entreprenørskap og innovasjon i næringslivet.

### Delmål 1.2 Kap. 550, post 66 Forenkling av utmarksforvaltning – forsøksordning

Departementet sette i 2016 i gang ei femårig forsøksordning for kommunar som ønskjer å forenkle utmarksforvaltninga. Regjeringa føreslår å auke løyvinga til programmet med 5 mill. kroner, til 8 mill. kroner for 2017. Auken skal gjere det mogleg for fleire kommunar å setje i verk prosjekt for å forenkle utmarksforvaltninga.

### Delmål 1.2 Kap. 554, post 01 Kompetansesenter for distriktsutvikling

Det er føreslått ei løyving på 27,7 mill. kroner i 2017, som er ein auke på 3 pst. frå 2016. Den føreslåtte løyvinga inkluderer 2,4 mill. kroner som kompensasjon for auken i utgifter som følgjer av innføringa av ein forenkla modell for premiebetaling til Statens pensjonskasse (SPK). Utan kompensasjon får Distriktsenteret eit kutt på 1,6 mill. kroner, det vil seie 6 pst.

Løyvinga til Distriktsenteret skal dekkje alle driftsoppgåver, også innkjøp av forskning og utgreiingar. Distriktsenteret skal drive faglege nettverksarenaer for kommunar, fylkeskommunar og andre aktørar om lokalt utviklingsarbeid. Lokal samfunnsutvikling vil vere ei viktig oppgåve også i 2017. Distriktsenteret skal vere eit knutepunkt for

kunnskapsutvikling og formidling om lokal samfunnsutvikling. I tillegg skal Distriktsenteret framleis drive det nasjonale læringsnettverket i *Utviklingsprogrammet for byregioner* og ved behov bidra med sin kompetanse i kommunereforma.

Departementet føreslår at løyvinga på posten kan overskridast mot ei tilsvarande meirinntekt på kap. 3554, post 1, jf. forslag til romartalsvedtak II.

#### Delmål 1.3 Kap. 550, post 73 Merkur-programmet

Gjennom Merkur-programmet vil departementet oppretthalde og utvikle vidare tilbodet av daglegvarebutikkar i område med små marknader. Grunnleggjande tenester og små, perifere butikkar skal framleis prioriterast. I programmet blir det òg lagt vekt på å utvikle tilleggstenester som aukar lønnsmda for daglegvarebutikkane og styrkjer tenestetilbodet til befolkninga. Regjeringa føreslår å oppretthalde løyvinga til Merkur-programmet på same nivå som i 2016, det vil seie 37,3 mill. kroner.

#### Hovudmål 2 Omstillingsdyktige regionar

Regjeringa vil leggje til rette for omstillingsdyktige regionar i alle delar av landet. Innsatsen skal rettast mot utvikling av godt fungerande næringsmiljø, auka tilgang til relevant kompetanse i næringslivet, eit tettare samarbeid i byregionar og over landegrensene, og etablering av nye arbeidsplassar i område med vesentleg redusert sysselsetjing.

Regjeringa føreslår å løyve 605 mill. kroner til hovudmål 2, noko som er 42 pst. av løyvinga under programkategori 13.50. Det er ein reduksjon på om lag 100 mill. kroner samanlikna med løyvinga til tilsvarande føremål i 2016. Dette inneber reduserte rammer til Interreg. Den fylkeskommunale innsatsen for kompetanseutvikling i regionale næringsmiljø, klyngjer og nettverksarbeid er òg føreslått spissa innanfor den reduserte ramma.

Den største delen av innsatsen, 40 pst., skal rettast mot klyngjer og næringsmiljø for å bidra til omstillingsevne og verdiskaping i bedrifter i alle delar av landet.

#### Delmål 2.1 Kap. 553, post 60 Regionale tiltak for utvikling av næringsmiljø og tilgang til kompetanse

Løyvinga skal bidra til omstillingsdyktige regionar gjennom å leggje til rette for velfungerande næringsmiljø og tilgang på relevant kompetanse. Målet er å mobilisere til samarbeid mellom bedrifter i næringsmiljø og til koplingar mellom bedrifter og utdanningsmiljø for å møte kompetansebehovet i næringslivet. Midlane blir fordelte likt på alle fylkeskommunar.

Fylkeskommunane bestemmer sjølve korleis dei vil organisere arbeidet. Det kan skje gjennom eiga verksemd, bruk av andre offentlige aktørar som Innovasjon Noreg, Siva og Forskningsrådet, eller ved utlysing av oppdrag. Organiseringa og innhaldet i arbeidet skal vere forankra i regionale partnerskapar og i regionale nærings- og kompetansestrategiar.

#### Delmål 2.1 Kap. 553, post 74 Nasjonale tiltak for klynger og innovasjonsmiljø

Løyvinga skal bidra til velfungerande regionale næringsmiljø. Velfungerande næringsmiljø er innovative og internasjonalt orienterte miljø med samarbeidsorienterte og omstillingsdyktige bedrifter. Løyvinga blir fordelt på fire ordningar: *Norwegian Innovation Clusters* og *Bedriftsnettverk* under Innovasjon Noreg, Forskringsrådet si *Regionsatsing* (tidlegare VRI) og *Inkubatorprogrammet* i regi av Siva. Tidlegare blei det stilt krav om fylkeskommunal medfinansiering i VRI-programmet. Denne praksisen blir ikkje ført vidare for *Regionsatsinga*.

#### Delmål 2.2 Kap. 553, post 63 Grenseregionale Interreg-program

Regionalt samarbeid over landegrensene gir viktig tilgang til kompetanse og ressursar for å nå målet om omstillingsdyktige regionar. Regjeringa føreslår å prioritere innsatsen i Nord-Noreg og i det distriktpolitiske verkeområdet. Som ledd i samarbeidet med EU har Noreg, fram til 2017, delteke med nasjonal medfinansiering i fire grenseregionale Interreg-program: *Øresund–Kattegat–Skagerrak (ØKS)* (SV–DK–NO), *Sverige–Noreg, Botnia–Atlantica* (SV–FIN–NO), og *Nord* (SV–FIN–NO). I tillegg deltek Noreg i *European Neighbourhood Instrument (ENI) Kolarctic* – det grenseregionale programmet med Russland.

Det er føreslått ei løyving på 45 mill. kroner til dei grenseregionale programma Sverige–Noreg, Nord og Kolarctic ENI. Sverige–Noreg får ein reduksjon i nasjonal finansiering på 3 mill. kroner. ØKS og Botnia–Atlantica får ikkje tildelt nasjonale midlar over kap. 553, post 63 i 2017. I sum inneber det ein reduksjon på 37 pst. frå 2016.

#### Delmål 2.2 Kap. 553, post 76 Utviklingsprogram for byregioner og internasjonalt samarbeid

Under denne posten finansierer departementet *Utviklingsprogrammet for byregionar (Byregionprogrammet)* og norsk deltaking i Interreg-program i større europeiske regionar (transnasjonale program), Austersjøen, Nordsjøen, Nordleg Periferi og Arktis, i tillegg til dei alleuropeiske Interreg Europe, ESPON og INTERACT og anna internasjonalt samarbeid.

Det er foreslått ei løyving på 54 mill. kroner i 2017. I løyvinga inngår 24 mill. kroner til *Byregionprogrammet* og 30 mill. kroner til deltaking i Interreg-programma. Det er ein reduksjon på om lag 17 pst. samanlikna med 2016.

Løyvinga på 30 mill. kroner skal dekkje deltaking i Interreg-programma Nordleg Periferi og Arktis, Austersjøen, Nordsjøen, ESPON, Interreg Europe og INTERACT. Det inneber ein reduksjon på 7,3 mill. kroner samanlikna med 2016. I den føreslåtte tildelinga inngår 0,5 mill. danske kroner til driftstilskot til *Nordisk Atlantsamarbejde (NORA)*, ein organisasjon under det regionalpolitiske samarbeidsprogrammet til Nordisk Ministerråd, og 31 000 euro til ein nasjonal kontingent for deltaking i *OECD LEED*. Det er vidare føreslått å tildele 0,7 mill. kroner til vidare arbeid med å etablere eit arktisk nettverk.

Løyvinga på 24 mill. kroner til *Utviklingsprogrammet for byregioner* er 3,7 mill. kroner lågare enn signalisert ved oppstarten av programmet. Departementet vil be byregionane om å sluttføre prosjekta innanfor den ramma dei no blir tildelt.

Delmål 2.3 Kap. 553, post 65 Omstillingsprogrammer ved akutte endringer i arbeidsmarkedet  
 Departementet vil halde fram arbeidet som skal styrkje næringsgrunnlaget i kommunar og regionar med stor nedgang i sysselsetjinga. Omstillingsmidlane skal bidra til etablering av nye arbeidsplassar som erstatning for dei som har blitt borte. Store og uventa omstillingsbehov som oppfyller kriteria for ein statleg ekstrainsats, skal framleis leggast fram for Stortinget.

Regjeringa føreslår ei løyving på 130 mill. kroner i 2017. Det er ein auke på 20 pst. samanlikna med 2016. I omstillingsarbeidet er det viktig at det er eit aktivt samarbeid mellom fylkeskommunane, Innovasjon Noreg og omstillingskommunane. Innovasjon Noreg skal fortsatt vere nasjonalt kompetanseorgan for lokalt omstillingsarbeid, og regjeringa føreslår ei løyving på 15 mill. kroner til Innovasjon Noreg.

I tillegg blir det føreslått 20 mill. kroner i ekstraordinære omstillingsmidlar til Sør-Varanger kommune, jf. revidert nasjonalbudsjett for 2016.

### **Stikkordfullmakt**

Regjeringa føreslår at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 550, post 62 og post 64. Regjeringa føreslår også at fylkeskommunane får høve til å omdisponere mellom kap. 553, post 60, post 63 og 65. Med det vil fylkeskommunane ha fleksibilitet til å prioritere innanfor dei to hovudmåla.

### **Aktørfordeling**

Tabellen viser framlegget til fordeling av midlar på aktørnivå, samanlikna med løyvinga i saldert budsjett 2016.

**Tabell 3 Aktørfordeling**

Forvaltar	Saldert 2016	Framlegg 2017	Endring 2016–2017
<b>Fylkeskommunane</b>	<b>1157,0</b>	<b>940,2</b>	<b>-216,8</b>
<b>Fylkeskommunane 551.61</b>	<b>225,3</b>	<b>50,0</b>	<b>-175,3</b>
<b>Innovasjon Noreg, Siva og Forskingsrådet (nasjonale midlar):</b>	<b>338,9</b>	<b>338,0</b>	<b>-0,9</b>
Innovasjon Noreg	178,7	132,3	-46,4
Siva	85,5	125,7	40,2
Forskingsrådet	74,7	80,0	5,3
<b>KMD</b>	<b>105,3</b>	<b>99,3</b>	<b>-6,0</b>
Forenkling av utmarksforvaltning	3,0	8,0	5,0
Merkur-programmet	37,3	37,3	0,0
Utviklingsprogram for byregioner	27,7	24,0	-3,7
Internasjonalt samarbeid	37,3	30,0	-7,3
<b>Distriktssenteret</b>	<b>26,9</b>	<b>27,7</b>	<b>0,9</b>
<b>Totalt</b>	<b>1853,4</b>	<b>1455,2</b>	<b>-398,1</b>



Med helsing

Hallgeir Aalbu (e.f.)  
ekspedisjonssjef

Julie Nåvik Hval  
seniorrådgjevar

Vedlegg:

1. Førebels fylkesfordeling av programkategori 13.50
2. Statlege midlar til Interreg

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur*

## Adresseliste

Akershus fylkeskommune	Postboks 1200 Sentrum	0107	OSLO
Aust-Agder fylkeskommune	Postboks 788 Stoa	4809	ARENDAL
Buskerud fylkeskommune	Postboks 3563	3007	DRAMMEN
Distriktssenteret	Ogndalsvegen 2	7713	STEINKJER
Finnmark fylkeskommune	Fylkeshuset	9815	VADSØ
Hedmark fylkeskommune	Postboks 4404 Bedriftssenteret	2325	HAMAR
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Innovasjon Norge Hovedkontoret	Postboks 448 Sentrum	0104	OSLO
Mentor AS	Merkurprogrammet	6801	FØRDE
Møre og Romsdal fylkeskommune	Fylkeshuset	6404	MOLDE
Nordland fylkeskommune	Prinsens gate 100	8048	BODØ
Nord-Trøndelag fylkeskommune	Seilmakergata 2	7735	STEINKJER
Norges forskningsråd	Postboks 564	1327	LYSAKER
Oppland fylkeskommune	Postboks 988	2626	LILLEHAMMER
Oslo kommune	Rådhuset	0037	OSLO
Rogaland fylkeskommune	Postboks 130 Sentrum	4001	STAVANGER
Siva	Postboks 1253 Sluppen	7462	TRONDHEIM
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Fylkeshuset, Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Sør-Trøndelag fylkeskommune	Postboks 2350 Sluppen	7004	TRONDHEIM
Telemark fylkeskommune	Postboks 2844	3702	SKIEN
Troms fylkeskommune	Postboks 6600	9296	TROMSØ
Vest-Agder fylkeskommune	Postboks 517 Lundsiden	4605	KRISTIANSAND S
Vestfold fylkeskommune	Svend Foyns gate 9	3126	TØNSBERG
Østfold fylkeskommune	Postboks 220	1702	SARPSBORG

## Statsbudsjettet 2017: Førebels fordeling av kap. 550, postane 62 og 64, kap. 553, postane 60, 63 og 65

(mill. kr)

Fylke	2016				2017						Endring frå 2016 ramme	
	Objektiv ramme <sup>A</sup>	Omstilling	Interreg	Ramme 2016	550.62 <sup>1</sup>	550.64 <sup>1</sup>	553.60	553.63 <sup>B</sup>	553.65 <sup>C</sup>	Ramme 2017	I kr	I pst.
Østfold	9,01	4,0	9,4	<b>22,36</b>	1,68	0,70	7,00	6,20	7,00	<b>22,58</b>	0,2	1 %
Akershus	6,62	0,0	8,4	15,06	-	-	7,00	5,20		<b>12,20</b>	-2,9	-19 %
Oslo	6,00	0,0	2,5	<b>8,50</b>	-	-	7,00			<b>7,00</b>	-1,5	-18 %
Hedmark	71,77	4,0	5,9	<b>81,71</b>	29,43	12,29	7,00	5,20	4,00	<b>57,92</b>	-23,8	-29 %
Oppland	62,80	7,0	0,0	<b>69,80</b>	29,30	12,24	7,00		4,00	<b>52,54</b>	-17,3	-25 %
Buskerud	22,60	3,0	2,5	<b>28,10</b>	8,58	3,58	7,00		4,00	<b>23,16</b>	-4,9	-18 %
Vestfold	6,00	0,0	2,5	<b>8,50</b>	-	-	7,00		1,00	<b>8,00</b>	-0,5	-6 %
Telemark	48,09	4,0	2,5	<b>54,59</b>	20,33	8,49	7,00		6,00	<b>41,82</b>	-12,8	-23 %
Aust-Agder	21,00	0,0	2,5	<b>23,50</b>	7,97	3,33	7,00		5,00	<b>23,30</b>	-0,2	-1 %
Vest-Agder	25,39	0,0	2,5	<b>27,89</b>	8,89	3,71	7,00		5,00	<b>24,60</b>	-3,3	-12 %
Rogaland	18,78	1,0	0,0	<b>19,78</b>	5,68	2,37	7,00		9,00	<b>24,05</b>	4,3	22 %
Hordaland	49,75	0,0	0,0	<b>49,75</b>	20,76	8,67	7,00		9,00	<b>45,43</b>	-4,3	-9 %
Sogn og Fjordane	66,93	7,0	0,0	<b>73,93</b>	31,75	13,26	7,00		6,00	<b>58,01</b>	-15,9	-22 %
Møre og Romsdal	73,50	4,0	0,0	<b>77,50</b>	30,11	12,58	7,00		9,00	<b>58,69</b>	-18,8	-24 %
Sør-Trøndelag	50,94	3,0	5,5	<b>59,43</b>	22,38	9,35	7,00	5,10	2,00	<b>45,83</b>	-13,6	-23 %
Nord-Trøndelag	67,35	1,5	5,5	<b>74,34</b>	29,88	12,48	7,00	5,10	1,00	<b>55,46</b>	-18,9	-25 %
Nordland	162,29	11,0	8,8	<b>182,05</b>	82,25	34,36	7,00	5,40	13,00	<b>142,01</b>	-40,0	-22 %
Troms*****	97,99	4,0	7,5	<b>109,47</b>	47,50	12,34	7,00	7,50	6,00	<b>80,34</b>	-29,1	-27 %
Finnmark	65,40	9,0	5,3	<b>79,73</b>	31,71	13,25	7,00	5,30	4,00	<b>61,26</b>	-18,5	-23 %
Omstilling Lierne				<b>15,00</b>								
Omstilling Sør-Varanger*									20,00	<b>20,00</b>	20,0	
Omstilling Sør- og Vestlandet**		20,0		<b>20,00</b>								
Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene***				<b>10,00</b>		10,00				<b>10,00</b>	0,0	0 %
Innovasjon Noreg****				<b>46,00</b>	46,00				15,00	<b>61,00</b>	15,0	33 %
<b>Totalt</b>	<b>932,21</b>	<b>82,50</b>	<b>71,28</b>	<b>1 156,99</b>	<b>459,20</b>	<b>173,00</b>	<b>133,00</b>	<b>45,00</b>	<b>130,00</b>	<b>940,20</b>	<b>-216,8</b>	<b>-19 %</b>
<i>Ev. omstillingskostnader Innovasjon Noreg</i>					<i>5,00</i>					<i>5,00</i>		

\* Ekstraordinære statlege omstillingsmidlar til Sør-Varanger kommune i Finnmark

\*\* 20 mill. kroner til omstilling på Sør- og Vestlandet. Hordaland fylkeskommune forvaltar midlane på vegne av fleire fylkeskommunar. I 2017 blir midlane fordelte per fylke.

\*\*\* Uttrekk 10 mill. kroner til *Verdiskaping og næringsutvikling i fjellområdene*. Midlane blir forvalta av Oppland fylkeskommune på vegne av fleire fylkeskommunar.

\*\*\*\* Midlar til å dekkje gjennomføringskostnader ved ordningar i regi av Innovasjon Noreg på kap. 550, post 62 og kap. 553, post 65. Midlane blir overførte direkte til Innovasjon Noreg.

\*\*\*\*\* Ramma til Troms fylkeskommune er under post 64 redusert med 7,5 mill. kroner som følgje av at fylkeskommunen tidlegare har løyvd midlar til føremål som låg utanfor retningslinjene. Nedjusteringa er lagd på post 64, som er verkemiddel fylkeskommunen sjølv skal forvalte. Nedtrekket på Troms inneber at dei andre fylkeskommunane får litt større ramme enn dei elles ville ha fått.

Fordelingskriterium 2017:

1 Fordeling kap. 550, postane 62 og 64 Folketal innanfor det distriktspolitiske verkeområdet er vekta etter den inverse distriktsindeksen til kommunen. Kommunar med distriktsindeks under 30 blir vekta 15 pst. ekstra, kommunar i Nord-Noreg og Namdalen 10 pst. ekstra og kommunar i tiltakszona 15 pst. ekstra.

A Objektiv ramme for 2016 bestod av ein regionalkomponent (6 mill. kroner) som alle fylkeskommunane fekk, og ein distriktskomponent. Distriktskomponenten er ført vidare for post 62 og post 64 i 2017.

B Skjønstildeling til Interreg (EUs territoriale samarbeid). Midlane blir utbetalte til sekretariatsfylka.

C Skjønstildeling til fylke med regionar og lokalsamfunn med store omstillingsutfordringar.

## Statlege midlar til Interreg

Tabell A: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg VA og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på fylkeskommunane (mill. kroner).

Fylke	Nord	ENI <sup>1</sup>	Sverige-Noreg	SUM
Østfold			6,2	6,2
Akershus			5,2	5,2
Oslo				
Hedmark			5,2	5,2
Buskerud				
Vestfold				
Telemark				
Aust-Agder				
Vest-Agder				
Sør-Trøndelag			5,1	5,1
Nord-Trøndelag			5,1	5,1
Nordland	2,7	2,7		5,4
Troms	4,8 <sup>2</sup>	2,7		7,5
Finnmark	2,7	2,7		5,3
<b>SUM</b>	<b>10,1</b>	<b>8,1</b>	<b>26,8</b>	<b>45,0</b>

Tabell B: Statlege midlar til grenseregionalt samarbeid Interreg VA og ENI (Kolarctic) over kap. 553, post 63 fordelte på dei sekretariatsfylka som har ansvaret for økonomiforvaltninga i dei ulike programma/delprogramma (mill. kroner).

Fylkeskommunar med sekretariatsfunksjon	Midlar til Interreg VA
Østfold <sup>3</sup>	7,0
Hedmark <sup>4</sup>	9,6
Sør-Trøndelag <sup>5</sup>	10,2
Troms <sup>6</sup>	10,1
Finnmark <sup>7</sup> (ENI)	8,1
<b>SUM</b>	<b>45,0</b>

For dei transnasjonale programma på Kap 553 post 76, foreslår regjeringa å løyve 3,8 mill. kroner til Østersjøprogrammet (-3,5 mill. kroner samanlikna med 2016), 8 mill. kroner til Nordsjøprogrammet (-2 mill. kroner) og 3,4 mill. kroner til Interreg Europa (-1,5 mill. kroner). Nasjonal finansiering til URBACT utgår i 2017.

<sup>1</sup> Grenseregionalt samarbeid med Russland innanfor rammene av partnerskapsprogramma til EU for samarbeid på yttergrensene.

<sup>2</sup> Tildelinga til Troms fylkeskommune inkluderer 2,15 mill. kroner for norsk deltaking i delprogrammet Sápmi under Interreg VA Nord.

<sup>3</sup> Ramma til Østfold fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg VA delprogrammet Grenselaust Samarbeid i Interreg VA Sverige-Noreg.

<sup>4</sup> Ramma til Hedmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Indre Skandinavia i Interreg VA Sverige-Noreg.

<sup>5</sup> Ramma til Sør-Trøndelag fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i delprogrammet Nordens Grøne Belte i Interreg VA Sverige-Noreg.

<sup>6</sup> Ramma til Troms fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i Interreg VA Nord, inkludert delprogrammet Sápmi.

<sup>7</sup> Ramma til Finnmark fylkeskommune inkluderer midlar til å dekkje norsk deltaking i EUs grenseprogram mot Russland (ENI (Kolarctic)) i 2017.